



**Referanser:** KR 70/13, KR 25/21, KR 45/21, BM 25/21

**Arkivsak:** 20/04705-9

## Særskilde preiketekstar

### Samandrag

Den norske kyrkja har sidan høgmesseordninga frå 1977 vart teken i bruk hatt ei ordning med kvart år å ha nokre alternative preiketekstar til dei vanlege tekstrekkene, kalla «særskilde preiketekstar». Denne ordninga overlevde reforma av hovudgudstenesta i 2011 utan større debatt, men har i etterkant vært omstridd. Bispemøtet foreslo i februar 2021 å gjennomgå grunnlaget for ordninga, og å føre ho opp som sak på Kyrkjemøtet. I etterkant har det vore ein felles konsultasjon mellom Bispemøtet og Nemnd for gudstenesteliv, som førte til forslag om at ordninga blir oppheva.

### Framlegg til vedtak

Kyrkjerådet gjer framlegg om at Kyrkjemøtet gjer følgjande vedtak:

Kyrkjemøtet opphevar ordninga med å peike ut særskilde preiketekstar for kvart år, med verknad frå kyrkjeåret 2022-2023.

# Saksorientering

## Bakgrunn

Ordninga med særskilde preiketekstar vart til i samband med innføring av nye tekstrekker, som kom saman med ny ordning for høgmessa i 1977. Førebuing av nye tekstrekker for Den norske kyrkja vart i utgangspunktet gjort i samarbeid med dei andre nordiske kyrkjene, og i forlenginga av den økumeniske fornyinga av leksjonaria som kom i stand etter den romersk-katolske liturgiske fornyinga. Dei nordiske kyrkjene vart då samde om å gå inn for ein modell som vidareførte eit tekstrekkesystem basert på den «gamle rekka», som med nokre modifiseringar har vore brukt sidan tidleg mellomalder. For Noreg (og Sverige) vart det likevel innført to viktige reformer knyta til tekstlesingane. For det første vart gamaltestamentlege tekstar introduserte som ei fast lesing kvar søndag, og for det andre vart talet på tekstrekker redusert frå tre til to. Ein viktig grunn til denne reduksjonen var at det «gamle» evangeliet, altså første rekke, skulle lyde annakvart år. Samtidig introduserte ein nokre tilleggstekstar som knytte seg til tematikken for den enkelte søndagen. I liturgikommisjonen sine forslag til tekstrekker var desse tenkt primært som preiketekstar, men også til erstatning for ein tilsvarende tekst i inneverande rekke. I forlenginga av at GT vart foreslått innført som lesing i kvar høgmesse, spurte liturgikommisjonen i ei høyring og om moglegheiter for å bruke GT-tekster som preiketekst. Svara på dette sprika noko, men liturgikommisjonen argumenterte for at ei slik ordning skulle vere mogleg og tenleg.<sup>1</sup>

Liturgikommisjonen peika på at det vil vere kyrkjestyret som avgjer om og i tilfelle kor mange alternative preiketekstar som føreskrivast for kvart år, men foreslo sjølv ein mal med fire tekstar frå GT og åtte frå NT. Malen med tolv tekstar vart vidareført under heile perioden med 1977-høgmessa. Desse vart dei første åra fastlagde for eit år av gangen ved kongeleg resolusjon,<sup>2</sup> inntil mynda i 1990 vart delegert til Kyrkjemøtet. Kyrkjerådet fekk delegert mynde vidare frå 2000.

## Gudstenestereforma

Gudstenestereforma 2011 har ei anna tenking knytt til tekstlesingane enn den tidlegare ordninga. Inspirert av økumeniske forbilde og ein annan type dramaturgisk tenking, var det ei målsetjing å skape ei stigning i tekstlesingsdelen, som understrekar evangelieteksta som den mest sentrale. Fleire verkemiddel er brukt for å understreke denne målsettinga: a) Kyrkjelyden sit under dei to første tekstene, men reiser seg under lesinga av evangeliet; b) hallelujaverset er flytta (tilbake) frå byrjinga av tekstlesingsdelen til å kranse om evangeliet og c) det blir understreka at det alltid skal lyde ein tekst frå eit av evangelia i hovudgudstenesta. Til saman gjev dette ord-delen i dagens hovudgudsteneste eit nokså annleis preg enn 1977-høgmessa sin tekstlesingsdel.

Vekta på progresjon i tekstlesingane har og verka inn på utvalet av tekstar. Ein har gått tilbake til systemet frå før 1977, med tre faste rekker i staden for ei gruppe med tilleggstekstar for kvar søndag. Dermed vart talet på GT-tekstar som lesast fast også økt monaleg. I tillegg til desse tre rekkene har kvar søndag dessutan ein forteljningstekst. Rekka med forteljningstekstar overlappar delvis dei ordinære tekstrekke, og er fordelte som følgjer: 27 fortellingar frå GT, 44 frå evangelia og 7 frå NT elles.

---

<sup>1</sup> NOU 1976:44 s. 8-9. Fakulteta slutta seg til ei slik ordning, mens Presteforeininga si liturgiske nemnd reiste sterke innvendingar.

<sup>2</sup> Dei vart altså fastlagde av Kongen i statsråd

Dramaturgisk sett fell det naturleg i forlenginga av dette at tekstane alltid blir lesne i same rekkefølge. Sjølv oppbygginga av liturgien tilseier at evangeliet – som høgdepunktet – lesast til slutt. Ein ønskte òg å markere ein skilnad mellom sjølv tekstlesingane og preika som kjem i etterkant. Dette er reflektert i høyringsframlegget til ny liturgi frå 2008. Her blir det forutsett at tekstane alltid blir lese i same rekkefølge, og det blir ikkje gjeve indikasjonar om at ein annan tekst skal sjåast på som preiketekst. Under punkt 11 *Preike* seier rubrikken berre følgjande: «Preike over ein eller fleire av tekstene for dagen.»

I den endelege handsaminga vart dette endra, som eit resultat av høyringa. Fleire høyringsinstansar haldt fram at det var uheldig at den teksta som skal preikast over ikkje kjem rett før utlegginga. Det verker noko uklart om liturgiframlegget frå 2008 faktisk la til grunn at ordninga ikkje skulle vidareførast, men det vart i tilfelle ikkje tematisert. I saksdokumentet om nye tekstrekker til Kyrkjemøtet 2010 vart spørsmålet kommentert slik:

### **Særskilde preiketekstar**

Vårt noverande tekstrekkesystem har heilt ifrå byrjinga av (november 1977) vorte supplert med ei ordning der preiketeksta frå eit av evangelia 12-13 sun- og heilagdagane kvart år vert bytta ut enten med ein av de to andre tekstane for dagen eller med ein av tilleggstekstane. Føremålet med dette er å skape variasjon og å sjå til at og andre delar av Guds ord enn avsnitta frå evangelia får lyde i preika.

Denne ordninga er korskje tematisert eller handsama i gudstenestereforma, men Kyrkjemøtet har gjeve ei vurdering av henne (sak KM 06/00). Det verkar som om denne ordninga år for år har gått gjennom utan merknader, og ut frå høvet til å hente opp lesetekstar som preiketekstar legg framlegget opp til å vidareføre ordninga, men berre for dagens lesetekstar. (KM 07.1/10)

Dette treng å nyanserast noko. I liturgiframlegget frå 2008 fanst ikkje omgrepet «preiketekst», men preika kom som ein sjølvstendig del etter tekstlesingane. Som nemnt ovanfor, la rubrikken opp til at predikanten stod fritt til å velje kva for tekst han eller ho ville leggje mest vekt på. Ein del høyringsinstansar oppfatta dette som ei uklarheit i framlegget, og det vart etterspurt ein større tydelegheit når det gjaldt tilvisingar om preiketekst.

Kyrkjemøtet førte dermed vidare den innarbeidde praksisen med årleg å fastleggje særskilde preiketekstar, og innarbeidd dette i rubrikkane til punkt 12 *Evangelium* og punkt 13 *Preike*, der det heitte: «Når fyrste eller andre lesetekst er sett opp som preiketekst, kan denne teksta lesast her.» Kyrkjemøtehandsaminga vidareførte dermed også omgrepet «preiketekst» som ei sjølvstendig eining.

Videre vart det vedtatt følgjande tekst for *allmenne føresegner* punkt 29:

Preika haldast normalt over evangelieteksta eller ei anna preiketekst som er fastsett av Kyrkjerådet. Forteljingsteksta kan brukast i staden for den oppsette preiketeksta. I særskilde tilfelle kan liturgen velje ein fritt vald bibeltekst som preiketekst.

I praksis vart det dermed òg lagt opp til ei fortsett jamleg roking av tekstlesingane, om enn i ei moderert form. Det er òg uklart korleis denne rokinga i røynda har gått føre seg rundt omkring. I den reviderte utgåva av hovudgudstenesta, frå 2019, er rubrikken om at preiketeksta kan lesast under leddet preike fjerna, og tilvisinga er flytta til vegleinga.

## Utviklinga etter Gudstenestereforma

Alt i 2012 drøfta Nemnd for gudstenesteliv (NFG) saka meir overordna (NFG 16/12: *Særskilde preiketekstar 2014/2015*). Høvet var at Kyrkjerådet sitt arbeidsutval bad NFG «om å drøfte bruk av særskilde preiketekstar i samband med at tekstar skal fastsettast for kyrkjeåret 2014-2015» (KRAU 07/12).

I protokollen frå NFG-møtet heiter det:

«NFG ønsket en reduksjon av særskilte preiketekster ut fra hensynet til evangelietekstens særlige rolle i den nye gudstjenesteordningen, og til at det nå igjen er tre nye tekstrekker. Samtidig er det viktig at preiketekster kan hentes fra GT og andre nytestamentlige tekster enn evangeliene.»

I desember 2012 bad så Kyrkjerådet NFG om ei vurdering av ordninga. Sekretariatet utgreidde saka, og heldt mellom anna ein mindre konsultasjon med representantar for to av praktikumsinstitusjonane samt nokre av dei som hadde vore sentrale i den siste revisjonen av tekstrekkeane. NFG gjorde deretter følgjande vedtak:

«NFG foreslår at ordningen med særskilte preiketekster videreføres, i et mer begrenset omfang enn tidligere. Det foreslås en ordning med seks særskilte preiketekster, normalt tre tekster fra GT og tre tekster fra NT utenom evangeliene.» (NFG 19/13)

Saka vart handsama av Kyrkjerådet i 2013, og rådet gjorde følgjande vedtak:

1. Kirkerådet vedtar at ordninga med *særskilte preiketekster* opprettholdes.
2. Antallet særskilte preiketekster i hvert kirkeår skal være seks.
3. I hovedsak er det kirkeårsdagens gammeltestamentlige lesning eller epistelen som brukes som særskilt preiketekst. Unntaksvis kan en bruke en evangelietekst som trenger en særlig fokusering.
4. De særskilte preiketekstene fastsettes hvert år av Kirkerådet etter forslag fra Nemnd for gudstjenesteliv og uttalelse fra Bispemøtet.
5. Vedtaket oversendes Bispemøtet for læremessig uttalelse. (KR 70/13)

Bispemøtet hadde saka til uttale, og hadde ingen særlege kommentarar (BM 21/14).

I 2017 kom spørsmål om bruk av særskilde preiketekstar opp på ny. I samband med første gangs handsaming av særskilde tekstar for perioden 2019-2020 og 2020-2021 (KR 18/17), vart det lagt til eit nytt punkt i Kyrkjerådet sitt vedtak, der NFG blir bedne om å vurdere bruken av særskilde preiketekstar i lys av Gudstenestereforma.

Saka vart deretter send til Bispemøtet for uttale. Bispemøtet gjorde følgjande vedtak:

«Bispemøtet vil understreke at valg av preiketekster har læremessig betydning for gudstjenestens forkynnelse. Som hovedregel bør evangelietekstene være preiketekst. (...)

4. Bispemøtet støtter Kirkerådets ønske om å igangsette og legge til rette for en evaluering og videre drøfting av ordningen med særskilte preiketekster som ikke er evangelietekster. En slik praktisk og prinsipiell drøfting av dette spørsmålet bør skje med involvering av både homiletisk og dogmatisk kompetanse. Bispemøtet vil ta initiativ til en konsultasjon om dette.»

For øvrig tilrådte biskopane i same vedtaket at i alt tre av tekstane frå Kyrkjerådet sitt første vedtak ikkje vart brukte.

Parallelt med Bispemøtet si handsaming følgde NFG opp bestillinga frå møtet i Kyrkjerådet. Saken vart drøfta på ny, og det vart gjort følgjande vedtak:

«NFG har drøftet saken om særskilte prekenteekster i lys av gudstjenestereformen. NFG anbefalar at ordningen fortsetter med 6 særskilte tekster for hvert kirkeår, fram til saken om justeringer av Tekstboken kommer opp på Kirkemøtet». (NFG 24/2017)

Saka vart så tatt opp til handsaming andre gang i Kyrkjerådet (KR 49/17), som følgde Bispemøtet si tilråding med omsyn til talet på tekstar. Det overordna spørsmålet om vidare bruk av særskilte preiketekstar vart ikkje nemnt i vedtaket, men i saksdokumentet til saka vart både Bispemøtet si tilslutning til ønsket om å evaluere ordninga og NFG sitt vedtak adressert. Det vart vidare nemnt at Kyrkjerådet var i gang med eit arbeid med å hente erfaringar med bruk av den nye tekstboka, med tanke på ei justering av ho, og at vedtak om særskilte preiketekstar uttrykker at det er naturleg å sjå denne saken i samanheng med den påtenkte kyrkjemøtesaken «Justeringar av Tekstbok for Den norske kyrkja.»

### **Framlegg om ny handsaming i Kyrkjemøtet**

Arbeidet med justering av tekstboka vart i etterkant av dette vedtaket utsett på ubestemt tid, og premissen om å sjå vidare på ordninga med alternative preiketekstar i samband med ei slik revisjon har dermed falt bort. Ettersom det lenge herska usikkerheit om korleis revisjon av tekstrekkene skulle handsamast, vedtok Kyrkjerådet først i januar 2021 forslag til alternative tekstar for kyrkjeåret 2021-2022. Desse vart oversende til Bispemøtet, som i februar 2021 gjorde følgjande vedtak:

«Bispemøtet viser til saken «Særskilte prekenteekster for kirkeåret 2021-2022», behandlet og vedtatt av Kirkerådet den 29.01.21 (KR 25/21). Bispemøtet ber om en vurdering av om denne ordningen skal opprettholdes, og at dette behandles på Kirkemøtet 2021.

Bispemøtet drøftet bruken av tekster fra Det gamle testamentet som prekenteekster. På denne bakgrunn vedtas de tre særskilte prekenteekster Kirkerådet har foreslått for Sámannssøndagen, 2. søndag i treenighetstiden og 10. søndag i treenighetstiden for kirkeåret 2021-2022.» (BM 3/21)

Bispemøtet reduserte dermed òg denne gangen talet på tekstar som hadde vorte oversend. Kyrkjerådet vedtok på sitt møte i mars å følgje Bispemøtet si tilråding, og vedtok tre GT-tekstar. Same møte vedtok også forslag til tekstar for perioden 2022-2023, som blir oversendt Bispemøtet for uttale.

Som ei oppfølging av Bispemøtets vedtak i februar, vart det kalla inn til ein felles konsultasjon mellom Bispemøtet og NFG om spørsmålet 19. mai 2021. Denne synleggjorde at det var eit klart fleirtal for å avslutte ordninga. I forlenginga av konsultasjonen handsama Bispemøtet saka på ny, og gjorde følgjande vedtak:

«Bispemøtet ber Kirkemøtet avvikle ordningen med særskilte prekenteekster, da tekstrekkene representerer en stor nok bredde i teksttilfang. Det vises til alminnelige bestemmelser for hovedgudstjenesten punktene 28-29, der det gis mulighet til å velge fortellingstekster eller andre tekster som prekenteekst:

*«Teksten som leses skal hentes fra godkjent tekstbok for Den norske kirke. Evangelieteksten skal leses i hver hovedgudstjeneste. Prekenen holdes normalt over evangelieteksta eller en annen prekentekest som er fastsatt av Kirkerådet. Fortellingsteksten kan benyttes i stedet for den oppsatte prekentekest. I særskilte tilfeller kan liturgen velge en fritt valgt bibeltekst som prekentekest.»»*

NFG handsama saka i eige møte, og vedtok å slutte seg til Bispemøtet sitt vedtak.

I samsvar med regler for behandling av liturgisaker, vart saka deretter sendt på ei avgrensa høyring til dei teologiske fakulteta. I lys av det korte tidsspennet og at Bispemøtet hadde gjeve ei så klar tilråding, vurderte Kyrkjerådet det slik at saka ikkje vart sendt til den einskilde biskop tilsvarande. Tre av fakulteta svarte på høyringa: MF vitskapeleg høgskole, VID vitskapelege høgskole og NLA høgskolen.<sup>3</sup>

MF hadde ingen merknader, men slutta seg til forslaga i høyringsdokumentet. Det same gjorde NLA, som meinte at ordninga i dag gir tilstrekkeleg rom for å preike over andre tekstar. Denne høyringsinstansen streka likevel under at rubrikkane må vere tilstrekkeleg klare når det gjeld opning for å preike over alternative tekstar:

«I tråd med den ordninga som først opna for lesing – og seinare forkynning – over GT-tekstar, meiner vi det er viktig at poenget med dette kjem tilstrekkeleg klårt med i rettleiingsrubrikkar m.m., og at det på same måten er ønskjeleg at stoff frå NT utanom evangelia vert trekt inn i forkynninga frå preikestolen».

VID vurderte på si side ikkje argumenta for å avvikle ordninga som gode nok. Høyringsinstansen la vekt på den læremessige verdien av eit utvida grunnlag for forkynninga:

«Forslaget med å avvikle ordningen med særskilte prekentekester fra GT vil bety en reduksjon med tanke på å la det teologiske potensialet i Bibelen få berike forkynnelsen. Den kristne kirke har to testamenter, og Jesus prekte over tekster fra GT».

VID var også uroa over at moglegheita for å preike over forteljingstekster i GT vil redusere innhaldet i GT til forteljingar. Vidare held VID fram at å ikkje fortsetje med å tilvise GT-tekster står i motsetnad til Bispemøtet sitt arbeid med ei betre forståing for det jødiske folk som har gått føre seg i seinare tid.

## **Oppsummering og Kyrkjerådet si vurdering**

Da kyrkjestyret avgjorde å innføre ordninga med nokre særskilte preiketekstar kvart år frå kyrkjeåret 1977-78, var det grunna i eit ønskje om å leggje til rette for at ein breiare del av bibeltekstane kunne verte preika over. Det hadde mellom anna å gjere med at høgmissa hadde vorte nesten einerådande som gudsteneste med preike. Moglegheita for å preike over epistelen var dermed redusert<sup>4</sup>. I tillegg var det innført ei stor gruppe gammaltestamentlege tekstar som ikkje tidlegare var høyrte i gudstenesta. Systemet med eit sett tilleggstekstar for kvar søndag la òg til rette for at nokre av desse kvart år kunne setjast opp som preiketekstar.

<sup>3</sup> NLA vart i 2021 gjeve akkreditering for å tildele cand.theol.-grad, og dermed rekna som teologisk fakultet etter reglene.

<sup>4</sup> I tidlegare tider vart det tradisjonelt preika over epistelteksta ved aftansongen på søndagar. Desse gudstenestene var i løpet av det føregåande hundreåret i stor grad falt heilt bort.

Med Gudstenestereforma vart det lagt opp til ei anna liturgisk tenking rundt tekstlesingane. Revisjon av tekstrekke medførte dessutan at ordninga med tilleggstekster fall bort og tre tekstrekker vart førd inn att. Grunngevinga for å setje opp nokre særskilde preiketekstar kvart år vart dermed svekka. Det ser likevel ikkje ut til at det vart eksplisitt drøfta å fase ut ordninga, og i høyringa vart det etterlyst tilrettelegging for at det jamleg kunne setjast opp ein annan tekst enn evangelieteksten som preiketekst.

Ein kan dermed slå fast at ordninga med særskilde preiketekstar er ein del av noverande gudstenesteordning, og ei ordning som er villa av Kyrkjemøtet.

I tråd med kyrkjemøtevedtaka vart ordninga vidareført, men det oppsto raskt uro rundt kor omfattande ho skulle vere. Trass uro rundt ordninga, var ikkje spørsmålet om vidareføring av særskilde preiketekstar eit tema som kom opp ved revisjonen av ordning for hovudgudstenesta i 2019. Men da spørsmålet vart reist på ny av Bispemøtet i 2021, var det ein klar konklusjon frå både Bispemøtet og Nemnd for gudstenesteliv at det ikkje lenger er behov for ei slik ordning med den gudstenesteordninga Den norske kyrkja har i dag. Framlegget om ei avvikling møtte også liten motstand i høyringa. Kyrkjerådet si vurdering er at dei spørsmåla VID set fingeren på, blir ivareteke under den ordninga vi har no. Dagens gudstenesteordning legg større vekt på at lokale tilhøve skal spille inn når ein planlegg ei gudsteneste, og det gir godt høve til dømes til å velje ein gamaltestamentleg preiketekst.

Konklusjonen er at Kyrkjerådet meiner det er gode grunnar til at saka no vert lagt fram for Kyrkjemøtet, slik at framtidig status og eventuelt omfang av ei ordning med særskilde preiketekstar kan avgjerast. Rådet frå så vel Bispemøtet som Kyrkjerådet si eiga fagnemnd er eintydig. På dette grunnlaget er Kyrkjerådet si vurdering at det ikkje lenger er tenleg å vidareføre ordninga med særskilde preiketekstar.

### **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Kyrkjerådet har tidlegare vedteke særskilde preiketekstar for kyrkjeåret 2021-2022, og desse er sende over til Almanakkforlaget. Det er ikkje vedteke tekstar for vidare år. Saka har ingen andre administrative konsekvensar.